



Fitjar kommune



Statens vegvesen

«Fv. 545 Rimbareid-Vik»

Planid: 201304



Føresegner til detaljreguleringsplan

§ 1. GENERELT

1.1) Generelt

Føremålet med planen er å legge til rette for ein utbetring av eksisterande fylkesveg 545 mellom Rimbareid og Vik i Fitjar kommune.

Reguleringsplanen består av føresegn datert 05.05.2015, planomtale datert 05.05.2014 og plankart datert 30.04.2014.

Desse reguleringsføresegnene gjeld innanfor området som på plankartet er markert med stipla line (plangrense), sjå teikning R01, R02 og R03.

1.2) Reguleringsføremål

I samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova (pbl.) er areal regulert til følgjande føremål i planen;

Bebyggelse og anlegg (pbl. §12-5, nr. 1):

Vindkraftanlegg (kode 1530)

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. §12-5, nr. 2):

Køyreveg (kode 2011)

Gang- og sykkelveg (kode 2015)

Anna veggrunn – grøntareal (kode 2019)

Parkering (kode 2080)

Føresegner for reguleringsplanen «Fv. 545 Rimbareid-Vik»

1.3) Føresegnsområde og omsynsoner

I samsvar med §12-6 og §12-7 i plan- og bygningslova er følgende føresegnsområde og omsynssoner nytta i planen;

Frisikt:

Frissiktsone (kode 140)

Landbruk:

Omsynssone landbruk (kode 510)

§ 2. FELLESFØRESEGNER

2.1) Generelt

Føresegnene gjeld innanfor ramma av plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner for Fitjar kommune.

Mindre avvik i skråningsutslag vil kunne inntreffe som følgje av feil og manglar i prosjekteringsgrunnlaget. Dette kan medføre at areal som skal disponerast til vegføremål kan avvika noko frå det som går fram av føremålgrensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegføremål er føresett brukt som tilstøytande føremål.

Kommunen kan, når særlege grunnar taler for det, gje løyve til mindre endringar i reguleringsplanen.

Etter at reguleringsplanen er stadfesta, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med reguleringsplanen og reguleringsføresegnene.

Før anlegg vert sett i verk, skal det liggje føre byggeplan etter Statens vegvesen sin standard.

2.2) Støy

Anbefalingane i T-1442 (*“Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging”*) og rettleiaren til denne (*TA-2115*), skal, så langt det er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg etter kost/nyttevurderingar, overhaldas. Støyskjermingstiltak skal bli gjennomført så tidleg som mogeleg og bør vere heilt ferdig når veganlegget opnar.

2.3) Universell utforming

Prinsipp for universell utforming skal liggje til grunn ved prosjektering og utbygging av veganlegget.

2.4 Terrenghandsaming

Omsynet til landskapet skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplan, og gjennom gjennomføringa av anleggsarbeidet. Ulike prinsipp for utforming av sideareal, revegetering og utforming av tekniske anlegg skal gå fram av byggeplanane. Eksisterande vegetasjon skal så langt råd er, takast vare på.

Murar som vedkjem veganlegget skal utførast i naturstein. Det kan nyttast andre murtypar, dersom det ikkje er teknisk mogeleg, eller svært kostbart å etablere natursteinsmur.

Alle inngrep som vert gjort i samband med veganlegget skal utførast mest mogeleg forsiktig og med omtanke for terreng og utsjånad. Noverande vegetasjon skal så langt råd er takast vare på.

Det skal sikrast ein forsvarleg handtering av avrenning frå fyllingar og midlertidige massedeponi.

Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samstundes med resten av anlegget.

2.7 Sikring av kulturminne

Dersom det i samband med anleggsarbeid kjem fram kulturhistoriske funn, må arbeidet straks stansast og Hordaland Fylkeskommune v/fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden jf. Kulturminnelova §8, 2.ledd.

2.8 Ytre miljøplan

Før anlegget startar skal det utarbeidast plan for ytre miljø, YM-plan. YM-planen skal ta utgangspunkt i vurderingar og innspel til avbøtande tiltak som er påpeika i planomtalen.

Vikeelva skal ikkje tilførast slam eller finstoff i perioden med rogn eller plommeyngel i grusen. Det må vurderast om det er naudsynt med spesielle tiltak under anleggsdrifta med omsyn til vasskvaliteten i Storavatnet og vassinntak for smoltproduksjonsanlegg.

Det må ikkje tilførast jord som inneheld framande skadelege planteartar. Primært skal stadeigen jordmasse ivaretakast og nyttast innan planområdet.

§3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. §12-5, nr. 2)

3.1) Køyveveg

Området omfattar areal for fylkesveg samt tilstøytande avkøyrslar og kryss. Anlegget skal utførast i samsvar med gjeldande statlege vegnormer.

f_KV6 er felles veg til eigedomene gnr. 59 bnr. 2, 5 og 48. Bussoppstillingslomme på vestsida av vegen ved gnr. 59 bnr. 2 er sett av til parkering for buss for gnr. 59 bnr. 48.

Mindre tilpassingar mellom dei ulike områda er tillate.

Føresegner for reguleringsplanen «Fv. 545 Rimbareid-Vik»

3.2) Gang- og sykkelveggar

Alle gang- og sykkelveggar som planen omfattar skal vere offentlege.

Gang- og sykkelveggar skal opparbeidast som vist i planen og ferdigstillast samtidig med veganlegget.

Utforming skal vere i samsvar med gjeldande vegnormalar.

Det kan framførast vatn- og avlaupsleidningar i gang- og sykkelvegane.

3.3) Anna veggrunn

Anna veggrunn omfattar sideareal med murar, skjeringar, fyllingar, grøfter, grøntområde, vollar, stabiliserande tiltak og liknande. Områda skal opparbeidast på ein estetisk god måte, i samsvar med byggeplan, jf. § 2.4.

Føremåla anna veggrunn grøntareal er nytta.

3.4) Landbruksavkøyrslar

Plasseringa som er synt i plankartet med dobbeltsidige pilar er retningsgjevande og endeleg plassering skal fastsettast i samband med utbygginga av anlegget.

3.5) Parkering

P1 er sett av til parkering felles for fuglereservatet.

§4. Omsynssone (pbl. §12-6)

4.1) Frisiktsone

I frisiktsoner skal det vere fri sikt i ei høgde 0,5 m over terrenget.

Bergen, 05.05.2014